



## For hytteeigarar

APRIL 2022 • ÅRGANG 29



### Heilársabonement for utleiehytter

Utleiehytter er å rekna som heilårshus og skal ha renovasjonsordning tilsvarande heilårshus. Det har kommunestyret i alle SIM sine eigarkommunar vedteke.

Eigarar av utleiehytter kan kontakta SIM for å få ordna abonementet, tlf. 53 45 78 50.

Gebyroversikt finst på [www.sim.as](http://www.sim.as)

Grunna mykje misbruk og forsøpling rundt enkelte av våre hyttekonteinrar vil me kameraovervaka nokre av desse. Har du spørsmål om overvakinga, ta kontakt med SIM.



**Kameraovervaka område**

# Eit ryddig hytteliv – finn rett ordning for deg

Les meir om kva hytteabonement som er rett for deg og di hytte.

# Bruk hytterenasjonsordninga rett

I SIM-kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes er det tvungen kommunal renovasjonsordning. Hytteeigarar må vere med i hytterenasjonsordninga.

Renovasjonstilbodet til hyttefolk består av hyttekonteinarar, miljøsentralar og returpunkt for glas- og metallemballasje. Det er kun dei som betalar hytterenasjonsabonnement som **har lov** til å bruke hyttekonteinarane.



## Hyttekonteinarane og returpunkt

Hyttekonteinarane er plasserte på sentrale stader kringom i kommunane. Målsetjinga til SIM er at alle hyttebrukarar skal ha ein konteinare tilgjengeleg på sin veg til/frå hytta eller butikken. Hyttebrukarane må med andre ord samla avfallet sitt og frakta det til ein av hyttekonteinarane. Det er vanleg hushaldsavfall som skal i desse.

SIM har returpunkt for glas- og metallemballasje på enkelte stader der det står hyttekonteinarane. Her kan du kaste emballasje av glas og metall. Som hovudregel emballasje det har vore mat eller drikke i.



## Eigen hyttedunk (dunk med grønt lok)

Dei som ynskjer eigen dunk ved hytta, kan bestilla det hos SIM (dunk med grønt lok). Denne må setjast fram til vegen på same tid og stad som fastbuande set ut restavfallsdunken. *Tømmedagane framgår av SIM sin tømmekalender for kommunen hytta står i.* Ta kontakt med SIM dersom du ynskjer meir informasjon om hyttedunk.



## Dunkar som hushald/heilårsbustad

Hyttebrukarar kan òg få dunkar til å sortera i, slik fastbuande har, men må då betala gebyr som for heilårsbustad. *Dersom du ynskjer dette, ta kontakt med SIM.*




*Hyttetur i rein og ryddig natur gir energi for store og små.*

## Miljøsentraler og returpunkt

Avfall som ein ikkje får plass til i hyttekonteinarane, eller som ein ikkje har lov til å kasta der, kan leverast på ein av SIM sine miljøsentralar.

Oversikt over alle miljøsentraler og returpunkt finn du i appen vår, eller på vår nettstad [sim.as](http://sim.as)



## Slamtømming for hytter

I 2022 vert det slamtømming for hytter i Fitjar og Tysnes.

Abonnentane kan få informasjon om tømminga på [sim.as/slam](http://sim.as/slam). Det vert òg sendt ut varsel kva tid tanken vert tømt.


Spørsmål kan rettast til Svein Klungtveit AS, som tømmer slam for SIM.

Telefon 52 79 29 70 eller 982 35 151.


## Finn hyttekonteinar med app

Lurer du på kvar næraste hyttekonteinar er, kva tid det er ope på SIM sine miljøsentralar, eller kvar du finn konteina for glas- og metallemballasje?

No kan du få svaret rett i lomma til din mobil. Last ned SIM sin prisløna APP, der du kan få svar på desse og fleire spørsmål knytt til avfallet ditt.



Last ned appen ved å søkja på «SIM tømme kalender» i **Google Play™** eller **App Store®**, via: [app.sim.as](http://app.sim.as), eller ved å skanne QR-koden under.




## Misbruk av hyttekonteinar

Farleg avfall, EE-avfall, avfall på utsida av konteinaren er misbruk, eller ulovleg bruk av konteinaren. Slik bruk er både miljøskadeleg og brannfarleg.

SIM opplever diverre aukande grad av slikt misbruk, og me bør alle gjere vårt for å

unngå dette. Slikt avfall skal leverast på ein av våre miljøsentralar.



## Bruk miljøsentralen!

SIM sine miljøsentralar er eit tilbud både til fastbuande og hyttekunder i SIM-kommunane. Ein står fritt til å bruka den sentralen som høver best. Ved miljøsentralen kan hytteabonnentane sortera avfallet sitt. Her kan ein levere det ein ikkje har lov til og kaste, eller ikkje har plass til i hyttekonteinaren. Farleg avfall og kasserte elektriske- og elektroniske produkt (EE-avfall) skal ikkje kastast i hyttekonteinarane, men leverast til miljøsentralen.


### Plastsortering

Hyttekunder som ynskjer å sortera ut plastemballasje kan få spesialsekk til å sortere i. Sikk får du på SIM sine miljøsentralar. Plastemballasjen kan leverast kostnadsfritt på miljøsentralane.

### Bruk nettstaden vår

Du finn info om miljøsentralane våre og annan informasjon knytt til renovasjonsordninga på [sim.as](http://sim.as)

Returadresse:  
SIM  
Meatjønnsvegen 43  
N-5412 Stord




## Renovasjons- og slamtømmegebyr

SIM har som målsetjing at alle hytteabonntentar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes skal ha likt servicenivå og like renovasjons- og slamtømmegebyr.

Årsaka til at gebyra varierar, er at kommunane legg på SIM sine grunnprisar, for å dekkja sine eigne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune (sjå blå søyle). SIM sine grunnprisar er illustrert med brun søyle. Gebyret

Renovasjonsgebyr for fritidsbustad i 2022 (i kr, inkl. mva):




skal uansett ikkje vera høgare enn at renovasjonsordninga går i balanse.

### Gebyret skal dekkja:

- Innsamling og slutthandsaming av avfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinrarar
- Returpunkt for glas- og metallemballasje
- Miljøsentralar (ein del av kostnadene vert betalt ved levering av avfall)
- Administrasjon og informasjon

Slamtømmegebyr for fritidsbustad i 2022 (i kr, inkl. mva):



## OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE\*

\*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00  
Perioden 1. april-30. sept.:  
Annankvar laurdag (oddelsveker) kl. 09.00-14.00  
Perioden 1. okt.-31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00-18.00  
Tysdag og torsdag kl. 09.00-16.00  
Perioden 1. april-30. sept.:  
Annankvar laurdag (oddelsveker) kl. 09.00-14.00  
Perioden 1. okt.-31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

### KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag, onsdag og torsdag kl. 12.00-18.00  
Tysdag kl. 09.00-14.00  
Perioden 1. april-30. sept.:  
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00  
Perioden 1. okt.-31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag-torsdag kl. 09.00-18.00  
Fredag kl. 09.00-15.00  
Laurdag kl. 09.00-14.00

### SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

### TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00  
Perioden 1. april-30. sept.:  
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00  
Perioden 1. okt.-31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

## Kompostjord på lager

Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med atterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør

blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er 450, kroner per m<sup>3</sup>/tonn, inkludert lessing.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43  
N-5412 Stord  
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as  
Nettstad: www.sim.as